

Vestland Fylkeskommune  
Avdeling for opplæring og kompetanse  
Att: Ass. fylkesdirektør Bekka Skaasheim

## Ny Fylkeskommune og fagopplæring

Opplæringskontora ønskjer å bidra til ei god sakshandsaming av fagopplæringa i fylket.

Etter sammenslåing av to fylker til eitt, er rutineane for å få godkjent lærebedrifter og lærekontrakter blitt endra. Behandlingstida er blitt betydeleg lenger enn tidlegare. Dette kan akseptertast i nokre fag, i andre fag er ein avhengig fleire godkjenningar for at ein lærling skal kunne starte i bedrift ( yrkessjåførfaget ). Vårt inntrykk er at fylkeskommunen ikkje har sett av nok resursar til dette arbeidet og at det bør komme på plass ein person med kompetanse på fagopplæring i kvar region/distrikt som kan godkjenne kontrakter og bedrifter.

Det har blitt etterlyst eit organisasjonskart over sakshandsamarar innan ulike felt sidan Solstrandkonferansen. Dette har stor betydning at vi til ei kvar tid veit kven vi skal kontakte.

Innmelding til td. PPT fungerer dårleg, her må opplæringskontora få tilbake retten til å melde inn dei som har slike behov. Dei som treng slik hjelp er ikkje dei som er gode på å søke om hjelp og utredning.

Som synt til ovanfor er dette nokre konkrete problemstillingar. OKSU har fleire tilbakemeldingar frå våre medlemskontor som går på at sakshandsaminga til fylket ikkje fungerer godt nok.

Vi er kjende med at Yrkeslabyrinten har send liknande brev og vi kjenner oss igjen i det meste av det som står der. OKSU vil difor be om at fylkesdirektøren set opp eit møte i nærmaste framtid for å drøfte situasjonen.

Med venleg helsing



Bjarte Heggheim  
Leiar i OKSU